

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 10. juni 2005 kl. 1100 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest: Møtet vart halde som telefommøte.

Saksliste:

1. Konstituering av føretaksmøtet
2. Dagsorden
3. Oppheving av vedtak fatta i føretaksmøte den 17. januar 2005

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Ekspedisjonssjef Per Bleikelia

Frå styret møtte: Styreleiar Mai Vik

Følgjande var ikkje til stades:
Arne Nordheim
Anni Felde
Gerd Kjellaug Berge
Jon Lekven
Per Hanasand
Ingunn Finne
Aslaug Husa
Øyvind Watne

Frå administrasjonen møtte: Administrerande direktør Herlof Nilssen

Også til stades: Konst. avdelingsdirektør Frode Myrvold
seniorrådgjevar Mette Bakkeli

Riksrevisjonen var varslet i samsvar med helseføretakslova og møtte, representert ved Siw Iverssen.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia ønskte, som øvste eigarmyndighet, velkommen og leste opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Mai Vik og konst. avdelingsdirektør Frode Myrvold vart valde til å underskrive protokollen.

Sign: fm fm

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia overlet møteleiinga til Mai Vik.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden.
Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Oppheving av vedtak fatta i føretaksmøte den 17. januar 2005

I føretaksmøte 17. januar 2005 i sak 5 Økonomiske krav og rammer under punkt 5.2 Kapitalfundamentet i Helse Vest RHF ble det gjort greie for at departementet tek sikte på å fremme eit endringsforslag til helseføretakslova for Stortinget, som gir heimel til å fastsetje forskrift om rekneskapsføring av anleggsmidlar overtekne av regionale helseføretak og helseføretak ved etableringa av sjukehusreforma 1. januar 2002. Det ble lagt til grunn at forskrifta skulle gjelde frå og med avlegginga av rekneskapen for 2004, og departementet la til grunn at Helse Vest RHF skulle legge den føreslårte forskrifta til grunn ved avlegginga av årsrekneskapen for 2004.

Odelstinget har i møte 2. juni 2005 vedtatt ikkje å støtte ei endring i helseføretakslova som gir departementet heimel til å gi slik forskrift, jf. Ot. prp. nr. 56 (2004-2005), Innst. O. nr. 93 (2004-2005). Grunnlaget for føretaksmøtets vedtak 17. januar 2005 på dette punkt, fell dermed bort.

Føretaksmøtet vedtok:

Vedtak fatta i føretaksmøte 17. januar 2005 i sak 5 Økonomiske krav og rammer under punkt 5.2 Kapitalfundamentet i Helse Vest RHF, første avsnitt, blir oppheva.

Møtet vart heva kl 1104.

fm JV

Oslo, 10. juni 2005

Frode Myrvold

Frode Myrvold

Mai Vik

Mai Vik